



ÅRSMØTE I SA NAUSTDAL BÅTLAG 2024

Onsdag 03. april 2024 kl. 19.00 på Kyrkjelydshuset i Naustdal

Sakliste

1. Godkjenne medlemmar med tale- og røysterett

Det er møtt fram 19 personar på årsmøte.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte godkjenner 19 personar med tale- og stemmerett.

Vedtak: Styret sitt framlegg vart samrøystes vedteke

2. Godkjenning av innkalling og sakliste

Styret sitt framlegg:

Årsmøte godkjenner innkallinga og sakliste til årsmøte.

Vedtak: Styret sitt framlegg vart samrøystes vedteke

3. Val av ordstyrar

Styret sitt framlegg:

Årsmøte vel Daniel Stave til ordstyrar.

Vedtak: Styret sitt framlegg vart samrøystes vedteke

4. Val av skrivar

Styret sitt framlegg:

Årsmøte vel Jan Petter Sæbø til skrivar.

Vedtak: Styret sitt framlegg vart samrøystes vedteke

5. Val av to personar til å underskrive møteboka

Årsmøte valde:

1.: Christian Buanes

2.: Roy Arne Flo

6. Årsmelding

Styret viser til vedlagt årsmelding for 2023.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte tek årsmeldinga for 2023 til vitande.

Vedtak: Styret sitt framlegg vart samrøystes vedteke

7. Rekneskap

Styret viser til revidert rekneskap for 2023. Rekneskapet viser eit overskot på kr. 130.357 etter avskrivingar. Eigenkapitalen pr. 31.12.2023 er kr. 1.568.445. Samla likvide midlar i båtlaget er kr 612.410. Ved utgangen av perioda var samla gjeld kr 28.979. Revisjonsmeldinga vart opplesen i møtet.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte godkjenner rekneskapen for 2023.

Vedtak: Styret sitt framlegg vart samrøystes vedteke

8. Fastsetje medlemskontingenten

Styret tilrår at medlemskontingenten vert uendra på kr 350,- for 2024.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte fastset medlemskontingenten for 2024 til kr. 350,-

Vedtak: Styret sitt framlegg vart samrøystes vedteke

9. Fastsetje årleg avgift for 4m, 6m og 8m båtplass

Styret tilrår at årleg avgift vert uendra for 2024.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte fastset årsavgifta for 2024 til:

4m båtplass kr. 1650,-

6m båtplass kr. 1750,-

8m båtplass kr. 1850,-

Vedtak: Styret sitt framlegg vart samrøystes vedteke

10. Fastsetje eingongsinnskot for 4m, 6m og 8m båtplass

Konsumprisindeksen i 2023 har ifølgje Statistisk sentralbyrå (SSB) auka med 4,7%. Årsmøtet har kvart år justert eingongsinnskotet for båtplassane etter konsumprisindeksen til SSB.

Styret sitt framlegg:

Årsmøtet justerer eingongsinnskotet for 4m, 6m og 8m båtplass etter konsumprisindeksen til SSB på 4,7%. Endringa gjeld frå og med 01. april 2024 til årsmøte i mars 2025.

Etter dette vert eingongsinnskot på båtplassane slik:

4 m plass innskot kr. 31.563, justert innskot etter konsumprisindeks til kr. **33.040**

6 m plass innskot kr. 38.975, justert innskot etter konsumprisindeks til kr. **40.799**

8 m plass innskot kr. 47.646, justert innskot etter konsumprisindeks til kr. **49.875**

Vedtak: Styret sitt framlegg vart samrøystes vedteke

11. Fastsetje timegodtgjersle for dugnad

Styret tilrår at timegodtgjersla for dugnad vert uendra for 2024.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte fastset timegodtgjersle for dugnad i 2024 til kr. 100,-

Vedtak: Styret sitt framlegg vart samrøystes vedteke

12. Seie opp avtale med Knapphus Energi

Det er kome forslag om å seie opp utleigeavtala med Knapphus Energi (tidl. Farsund og Naustheller) på grunn av misleghald frå Knapphus Energi.

Styret sitt framlegg:

Årsmøtet gjev styret fullmakt til å seie opp avtala med Knapphus Energi, og arbeide med ei løysing der anten andre drivarar kjem inn, eller båtlaget sjølv driftar anlegget.

Vedtak: Styret sitt framlegg vart samrøystes vedteke

13. Montere kameraovervaking i båthamna

Det er kome forslag om montere kameraovervaking i båthamna. Ein tenkjer dette kan vere med på å førebyggje både den forsøplinga vi i dag ser i hamna, og verke preventivt mot anna «ugagn». Ein del vil også kunne oppnå betre forsikringsvilkår.

Styret sitt framlegg:

Årsmøtet vedtek å montere naudsynt kameraovervaking i båthamna.

Det vart debatt om saka på årsmøte, og det vart klart at styret sitt framlegg ikkje ville få fleirtal.

Jan Petter Sæbø fremja forslag til nytt vedtak:

Årsmøte sender saka tilbake til styret for meir utgreiing om kva regelverk som gjeld for kameraovervaking, kostnad med installere og drifte slikt utstyr, og korleis ein praktisk skal drifte og kontrollere bruken av opptak som blir gjort.

Årsmøte ber styret vurdere skilting, sende ut skriv til alle medlemmar og eventuelt andre tiltak som kan bidra til at vi unngår forsøpling i båthamna.

Vedtak: Framlegget frå Jan Petter Sæbø vart samrøystes vedteke

14. Organisering av venteliste

Det er kome forslag om at når ein står på venteliste, og får tilbod om å kjøpe båtplass, so får ein berre ei moglegheit til å seie ja. Dersom ein takkar nei til å kjøpe tilboden plass, vert ein sett nedst på ventelista att.

Styret sitt framlegg:

Årsmøtet vedtek det innkomne forslaget.

Det vart debatt om saka på årsmøtet, blant anne ville styret sitt framlegg føre til at lovene for SA Naustdal Båtlag må endrast.

Jan Petter Sæbø fremja forslag til nytt vedtak:

Paragraf 17 a) får nytt 2. avsnitt: Får den som står på venteliste tilbod om å kjøpe båtplass, men takker nei, blir den strøken frå ventelista og mistar sin ansiennitet. Vedkomande kan be om å bli oppført på nytt på båtlaget si venteliste.

Vedtak: Framlegget frå Jan Petter Sæbø vart samrøystes vedteke

15. Investerings- og vedlikehaldsplan for Naustdal Båtlag for perioden 2024-2034

Til årsmøte i 2014 utarbeida styret ein investerings- og vedlikehaldsplan for perioden 2014-2017. Planen skal rullerast kvart år og styret skal legge fram ein oppdatert plan til årsmøtet. Vedlagt følgjer revidert investerings- og vedlikehaldsplan for perioden 2024-2034.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte vedtek revidert investerings-, og vedlikehaldsplan for 2024-2034.

Vedtak: Styret sitt framlegg vart samrøystes vedteke

16. Budsjett 2024

Styret viser til vedlagt driftsbudsjett for 2024.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte vedtek styret sitt framlegg til driftsbudsjett for 2024.

Vedtak: Styret sitt framlegg vart samrøystes vedteke

17. Val

Harald Myklebust og Kjartan Krognest har vore valnemnda i 2023/2024.

Dei la fram innstilling til nytt styre, revisorar og valnemnd for 2024/2025.

Styret for 2023

Leiar: Bård Håvard Solvik	1 år
Nestleiar: Daniel Stave	2 år
Skrivar: Arnt Ole Ramsdal	2 år
Styremedlem: Helge Stølsvik	1 år
Kasserar: Jan Dahlberg	1 år

Innstilling styret for 2024/2025

Leiar: Daniel Stave	1 år
Nestleiar: Svein Skjærli	2 år
Skrivar: Arnt Ole Ramsdal	1 år
Styremedlem: Cato Grønfor	2 år
Kasserar: Jan Dahlberg	1 år

Revisorar:

Bjørn Olav Erdal	2 år
Jan Petter Sæbø	1 år

Revisorar:

Bjørn Olav Erdal	1 år
Jan Petter Sæbø	2 år

Valnemnd:

Kjartan Krognest	2 år
Harald Myklebust	1 år

Valnemnd:

Kjartan Krognest	1 år
Jørn Helgheim	2 år

Vedtak: Valnemnda sitt framlegg vart samrøystes vedteke


Christian Buanes


Roy Arne Flo